

Nr. 1-2017, årgang 52.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



På vei til en av landsbyene i Bajhang, Nepal.

Side 4: Les om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.
Side 10: Soul Children feirar 5 års-jubileum.





Kyrkjetrappa

Kyrjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Kristen Salmelid
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31
Mobil tlf. 97 04 78 60
kyrkjeverge.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland
Kyrkjelydssekretær
Kontor tlf. 35 06 81 28
post@kyrkjetrappa.no



Rune Lia
Sokneprest (vikar)
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 90 98 08 03
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kantor.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Håkon Heggveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Rune Lia
Framsidedfoto: Liv Wendel
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit
og Niklas Karlsen
Passfoto: Kurt Nødland
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615



Reformasjonen og 2017

2017 er eit markeringsår for Den norske kyrkja. Det er gått fem hundre år sidan Martin Luther slo opp sine 'tesar' på kyrkjedøra i Wittenberg. Han markerte eit brot med den romersk-katolske kyrkja og understreka det enkelte mennesket sin fridom. Luther la vekt på 'frelse' ved Guds nåde åleine, og han sette opp Bibelen som einaste autoritet.

Kjernen i reformasjonen er at mennesket blir rettferdig for Gud eine og åleine på grunn av Guds nåde. Den blir gjeven til oss gjennom Jesus Kristus. Den som har teke mot Guds nåde, eig ein stor fridom. Han er fri til å elske og tene sin neste, fri til å leve som ein god samfunnsborgar, fri til å vere ein dyktig forvaltar av skaparverket.

Nåde er det store ordet

Nåde er det store ordet som kjem frå Guds eigen munn, det kan løyse ut vår lovsong og gje fred i vonlaus stund.

Nåde er vår Frelsars handtak når me sig i mørke hav, lyfter oss frå djupe botnar så me ikkje søkk i kav.

Nåde er den ljose kjelda som me ser kring høge fjell, der ho slettar alle skuggar med Guds sol før det blir kveld.

Jesus er det sterke ordet, nådens evangelium, som gjev tru igjennom livet og ei von i hjarterom.

Olav Mosdøl



Klar for skolen! For en lykke!

Håp for kvinner og jenter i Nepal

Kviteseid Sokn har vedtatt nytt misjonsprosjekt, og ønsker fram til 2019 å støtte eit prosjekt som Normisjon driv i Nepal. Liv Wendel frå Kviteseid arbeider i dette prosjektet, og ho har skrive denne helsinga til kyrkjebladet:

For jeg vet hvilke tanker jeg har med dere, sier Herren, fredstanker og ikke ulykkestanker. Jeg vil gi dere fremtid og håp. Jeremia 29,11

I januar for to år siden ble jeg bedt for og sendt ut av kirka i Kviteseid, for å jobbe som utsending for

Normisjon i Nepal. Her jobber jeg i United Mission to Nepal (UMN) i et prosjekt for å bedre forholdene for jenter. Prosjektet heter Combating Traditional Practices that are Harmful to Women and Girls, og kan oversettes 'Bekjemping av tradisjonelle praksiser som er skadelige for jenter'. At kyrkjelyden i Kviteseid har valgt dette prosjektet som sitt misjonsprosjekt er en stor oppmuntring for meg, og jeg vil forsøke å gi et innblikk i hva dere er med på.

UMN begynte å jobbe i Nepal i 1954, like etter at landet åpnet seg

mer for verden utenfor landegrensene. I Bajhang, lengst vest i landet, har UMN hatt arbeid siden 2008, først og fremst innen helse, jordbruk og utdanning. De som begynte å jobbe der ble oppmerksomme på at diskrimineringen mot kvinner er tøffere der enn andre steder i landet, og de ønsket å bidra til forandring. De hadde samtaler med lokale ledere og kvinnegrupper, og spurte hva de burde fokusere på. Ut av de samtalene kom det en liste på nærmere 30 forskjellige tradisjoner som er skadelige for jenter. Når de ble bedt om å prioritere fra denne lista, satte de chaupadi, alkoholmisbruk og vold mot kvinner øverst. Chaupadi er en praksis der jenter og kvinner blir isolert på ulike måter når de har menstruasjon, eller etter at de har født. En datter blir sett på som en annens eiendom – hun vil bli giftet bort. Det man gjør for henne er som å vanne naboens hage, er det et ordtak som sier. Men nå er det altså forandring på gang. At agendaen er satt av de vi jobber med er viktig; forandringen er ønsket og det virker som tida er rett for dette.

Det er selvfølgelig ingen fasit på hvordan man kan sette i gang endringer i verdier og holdninger og utfordre status quo. Men det som er kjernen i arbeidet vårt er grupper fra alle lag av samfunnet – for



På vei til en av landsbyene i Bajhang

barn, ungdom, kvinner, menn, og lokale politiske og religiøse ledere. Gjennom gruppene diskuterer og snakker de om hvordan ting er i deres landsby, hvordan de ønsker det skal være og hva de kan gjøre for å få det til. De utfordrer og støtter hverandre og får til mye mer enn de kunne ha klart én og én. I tillegg har media involvert seg og sender radioprogrammer og sanger om likeverd og rettigheter.

Så langt har vi sett at flere jenter har begynt å sove inne når de har menstruasjon, og ikke ute i 'chauhuttene'. Flere steder har gruppene i samarbeid med politiet laget alkoholfrie soner, og i en kommune har de begrenset 'åpningstidene' for alkoholsalg. Mange forteller om mindre vold og bråk som resultat. Det er utrolig å se.

Prosjektet implementeres av to lokale organisasjoner – de kjenner området og hvordan allting er og fungerer. Min rolle er å støtte hele



Kvinnegruppe i Sunikot

prosjekt-teamet på de ulike nivåene og sørge for at vi lærer av erfaringen vi gjør underveis. Å jobbe i et prosjekt som i bunn og grunn fokuserer på likeverd gir stor mening for meg. Vi er alle sammen skapt av Gud og i Hans bilde, både jenter og gutter - alle har samme uendelige verdi. Den verdien skal vi kjempe for at blir respektert, og at folk kan leve med frihet og verdighet.

Visjonen til UMN er fylde av liv for alle, i et forandret Nepal (Fullness of life for all, in a transformed

Nepali society). Dette passer veldig godt med det vi jobber for i Bajhang. Misjonen er 'inspirert av kjærligheten og undervisningen til Jesus Kristus. I samarbeid med det kristne samfunnet og andre i Nepal og verden, vil vi tjene folket i Nepal, spesielt de som lever i fattigdom, gjennom å fremme fred og rettferdighet for alle, ved å behandle grunnårsakene til fattigdom og gjennom å gjøre Kristus kjent gjennom ord og liv.'

Gud ønsker framtid og håp for både jentene og guttene i Nepal.



Vrådal kyrkje har fått nye ikon

På initiativ frå gamle Vrådal sokneråd blei det starta eit arbeid med å lage ikonmalerier til Vrådal kyrkje. Ein søndag i januar blei det fire ikona laga av Hæge og Sven Aasmundtveit overrekt til kyrkjelyden i Vrådal kyrkje. Ikona vil bli presentera med ei kort ikonforklaring skriva av Hæge Aasmundtveit og ei meditasjon skriva av Sven Aasmundtveit i kyrkjebladet framover. Vi startar i dette nummeret med ikonet som kallast Forklaringa på berget.

Forklarelse på berget

Bibelen forteller at Jesus steg opp på et høyt fjell sammen med sine tre nærmeste disipler. Der oppe ble de innhyllet i et overjordisk lys. Disiplene ble vitne til at Gud åpenbarte seg og de fikk del i det guddommelige lyset. Den forklarede Kristus er fremstilt på en fjelltopp der han taler med Moses og Elia, representanter for loven og profetene. Hver av dem hadde hatt sin gudsåpenbaring, Moses på Horeb fjell og Elia på Karmel.



Her ser vi Sven Aasmundtveit ved to av ikona. Dei fire ikona viser "Forklarelsen på berget", "Jesu dåp", "Nattverden" og "Jesu himmelfart". Motiva er knytta til altaret i Vrådal kyrkje.

Moses representerer de døde og Elia de levende. Dette understreker forklarelsesmotivets eskatologiske karakter, læren om de siste ting. Kristus er Herre for levende og døde og han kommer igjen i herlighet på den ytterste dag da han vil gi livets krone til den "som har vært tro inntil døden".

Ved det lyset som strålte ut fra Jesus viste Kristus sine disipler den guddommeliggjorte tilstand. Det er her tale om Guds uskapte lys, et viktig prinsipp i ikonmalingen. I motsetning til det skapte lyset som kommer fra en konkret lyskilde, stråler det uskapte lyset innenfra og kaster ingen skygge. Det samme lyset finner vi i de helliges glorier.



Du Gud som skapte himmel, jord og stjerner

Du Gud som skapte himmel, jord
og stjerner,
som sprenger tankens rom i våre
hjerner,
i Kristus er du nær
og fyller alt som er,
fra rommets grenser til atomers
kjerner.

Du Gud som stråler sterkere enn
soler,
som snurrer kloder rundt om deres
poler,
gir liv til alt som kryr
av fugler, trær og dyr,
du farger blomster; liljer og fioler.

Du Gud som ingen mennesker kan
måle,
som er langt sterkere enn vi kan
tåle,
i Kristus kom du nær,
gikk kledd i våre klær;
lik solen fikk vi se ditt ansikt
stråle.

Du menneske som var blant oss
her nede,
ved Ånden er du fortsatt her til
stede.
Du ble vår dype skatt
ved korsets død og natt.
Vær du min morgensol, mitt håp,
min glede!

T: Sven Aasmundtveit



5-årsjubileum for Kviteseid Soul Children

Kviteseid Soul Children er eit kor for dei som går i 7.klasse og oppover. Koret har rundt 20 medlemmar, og øver annankvar tysdag på musikkrommet i Kviteseidhallen. Mange har hatt gleda av å høyre dei synge på ulike arrangement.

Koret vart starta i 2012 og har 5-årsjubileum i år. Dette vert markert med ein konsert i Kviteseid kyrkje søndag 7. mai kl. 18. Olav Holm er leiar for koret, og vi har stilt han nokre spørsmål om Kviteseid Soul Children.

Kva er bakgrunnen for at vi fekk eit Soul Children-chor i Kviteseid?

Det er var mange faktorar som

førte til at det blei slik. Eg hadde ei oppleving av at Gud leidde i den retninga. For å peike på noko meir konkret: me i familien likte det som Oslo Soul Children dreiv på med, og hadde lyst til å få til noko liknande i Kviteseid. Etter at ei gruppe frå Oslo Soul Children besøkte bibelcampingen på Kvitsund sumaren 2011, vart enda fleire i bygda interessert. Etter eit forarbeid starta me i mars 2012 med dei fyrste øvingane på Betel (Kviteseid Misjonskyrkje).

Kva skjer på ei typisk korøving?

Me øver. Det er også mykje sosialt, særleg i pausen. I løpet av øvinga har me og ei kort andakt.

Kva pleier de å synge?

Det meste av repertoaret er henta frå Oslo Soul Children sine album, men me brukar og andre songar. Tanken er at musikken skal vere i ein sjanger og form som ungdommane likar og kjenner att frå populærmusikkulturen, men med meningsfulle tekstar.

Kan du fortelje litt om andre opplevingar koret er med på?

Soul Children har vakse til ei heil rørsle, med meir enn 150 kor i Noreg og kor i mange andre land. Kvart år reiser med på festival der me treffer jamnaldrande frå andre kor og opptrer saman. I oktober 2016 var me i Oslo Spektrum saman med nær 2000 likesinna. I august i år skal me delta på eit treff i Grenland for dei 9 kora som finst i Telemark. Me reiser og på egne turar. Sist vår hadde me til dømes sommaravslutning i Sommarland.

Har du ein favorittsong?

Oj. Me har mange songar med flott musikalsk form og flott innhald. Ulike tekster har vore viktig for meg til ulike tider. Akkurat no held eg kanskje ein knapp på ei song dotter mi, Marie (12), har skrive, som me etter planen vil urframføre denne våren. «Jesus lever! Vi vil feire med en gang. Jesus lever! Det er mot han vi retter vår sang. Den låste døren er åpnet – vil aldri stenges mer – vi velger å gå igjen-

nom – ikke tro fordi vi ser.»

Kva kan vi vente oss på jubileumskonserten 7.mai?

Eit tverrsnitt av det me har halde på med desse 5 åra. Gode tekstar i ei populærmusikalsk og fengande form. Me har og invitert nokre lokale talent til å delta med soloinnslag.

Har du eit ynskje for koret i åra som kjem?

Fyrst og fremst håpar eg at både oss i koret og dei som høyrer oss kan vekse i tru og tillit til Gud, og alt det gode han ynskjer å gi til oss. Men eg har eit ynskje til. Då me starta opp i 2012 tok me ein liten sjanse; me visste at me ville trenge fleire vaksne leiarar enn berre meg. Eg gjorde derfor eit stort arbeid med å spørje ulike folk om dei kunne tenke seg å vere med. Men det blei mykje nei. Til slutt tenkte me «no berre startar me». Me hadde eit stort ynskje om å kome i gang, og så tenkte eg det kanskje var lettare å få med folk når dei såg kva dette var for noko.

Konkret ynskjer eg meg ein eller fleire vaksne medleiarar som har sansen for det Soul Children står for og kan vere med å utvikle Kviteseid Soul Children vidare. Det manglar ikkje på potensiale hjå ungdommane iallfall!

Påska i Kviteseid

Det vert i år til saman 4 gudstenester i Kviteseid i påska, fordela på kyrkjene Brunkeberg, Vrådal, Kviteseid og Fjågesund. Kvar gudsteneste har sitt eige preg, og ved å delta på alle gudstenestene kan ein få med seg påskebodskapen i heile si bredde.

Den fyrste gudstenesta vert kvelden skjærtorsdag i Brunkeberg kyrkje. Då høyrer me tekstane om påskemåltidet, både i det gamle testamentet og korleis Jesus og disiplane feira dette måltidet siste kvelden før Jesu død. Me høyrer om svik og dom, men òg om tilgjeving, fellesskap og håp, og me held nattverd saman. Etter gudstenesta inviterer kyrkjelydsutvalet i Brunkeberg til kveldsmåltid i kyrkjestova.

Den neste gudstenesta er langfredag i Vrådal. Noko uvanleg startar den med dåp, men så vert altaret rydda, og den spesielle langfred-

agsliturgien vert nytta. Me høyrer vår Herre Jesu Kristi lidingssoselese, i år frå Lukas evangelium. Dette er ein neddempa gudsteneste, prega av alvor, sorg og ettertanke.

Så fyrste påskedag, sjølv høgtidsdagen over alle høgtidsdagar, vert det høgmesse i Kviteseid kyrkje. Då feirar me Jesu oppstandelse. Det var ikkje slutt, han er oppstanden! Kristne alle stader til alle tider har gledd seg over dette, og me gler kånn i Kviteseid, ennå ein gong. Kyrkjekoret syng og er med å gjer dette til ein festdag. Andre påskedag samlast me i Fjågesunds vakre kyrkje, til ein gudsteneste utanom det vanlege, med mykje song og musikk. Dagfinn (Køhn), Jan (Haugen) og Ingrid (Skåland Lia), med vener, syng og spelar frå påskas mange salmar og songar. Denne gudstenesta vert ein hyllest til livet, med alt sitt innhald. Velkomen til kyrkja i påska!

OPEN KONSERT I KVITSEID KYRKJE

Olav Mosdøl inviterer til open konsert i Kviteseid kyrkje laurdag 24. juni kl. 15.00.

Konserten er knytt til markering av 80-årsdagen hans, som blei runda i februar.

Familie, vener, medarbeidarar og

bygdefolk er velkomne til konserten som varer i 75 min. Mange kunstmedarbeidarar vil delta med framføring av song, musikk og innslag. Namn som kan nemnast, er: Sondre Bratland, Anne Karin Kaasa, Gunstein Draugedalen, Hege Bålsrød og Sverre Eftestøl. Gratis inngang, men høve til å gje ei gåve til direkte konsertutgifter.

**MØTE PÅ MISJONSHUSET I
KVITeseid - VÅREN 2017**

APRIL

Tysdag 04.
kl. 19.00 FELLESKAPSKVELD -
Talar: Kjell Arne Norum
Servering. Kollekt til
Misjonshuset

Søndag 09.
kl. 11.00 0 – 100 – SØNDAGS-
SAMLING

MAI

Tysdag 02.
kl. 18.00 DUGNAD

Tysdag 16.
kl. 18.00 DUGNAD

Tysdag 23.
kl. 18.00 DUGNAD

Søndag 28.
kl. 11.00 0 – 100 SØNDAGS-
SAMLING

Tysdag 30.
kl. 19.30 MØTE - Talar: Jerry
Lund. Kollekt til
Normisjon

JUNI

Tysdag 06.
kl. 19.30 MØTE - Talar: Kristian
Espeland. Kollekt til
Normisjon

Søndag 11.
kl. 16.00 0 – 100 SOMMARFEST –
Talar: Svein S. Martinsen
Servering. Kollekt til
Normisjon

Vrådal Normisjon

APRIL

Sundag 9. kl.16 Songsamling

Sundag 30. kl.16 Songsamling

MAI

Torsdag 4. kl.18:30 Kveldsmat og
sundagens tekst

Måndag 8. kl.12 Kvinneforening på
Heia

Sundag 21. kl.16 Songsamling

JUNI

Torsdag 1. kl.18:30 Kveldsmat og
sundagens tekst

JULI

Laurdag 15. kl.10 Loppemarknad og
auksjon



Døypete

Kviteseid: Linnea Snaunes
Jamtveit.
Linnea Hovden
Landsverk.
Aslak Skogheim Kleiv.
Sigurd Landsverk.
Alina Lie.
Hedda Aabø.

Fjågesund: Nina Haugestøl.
Lars Aron Fosse
Didriksen.

Gravlagde

Vrådal: Olaus Straumsnes.
Tordis Sofie Fless.
Karl Aarstad.

Fjågesund: Maria Anna
Fjågesund.

Kviteseid: Rakel Landsverk.
Signe Hildegard Aas.
Hans Egil Kleiv.
Astrid Riis.
Torger Strømstad.
Björg Reidun Ståland.
Arne Holte.
Mario Bacic.
Tone Lundevall.

Brunkeberg: Gudrun Haugan.
Kari Bakken.
Magne Svolsbru.
Olav Vesterdal.
Willy Krogsæter.

Meir himmel på jorda

Oppslagstavla

Ønskjer du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Ny sokneprest

Møyfrid Lunde frå Stavanger er tilsett som ny sokneprest i Kviteseid. Møyfrid har tidlegare arbeidd som lærar i fleire år, men har studert teologi dei siste åra, og blir ferdig utdanna prest til sommaren. Ho startar som sokneprest hos oss rundt 1. august. Vi kjem tilbake med meir om Møyfrid i neste nr.

Fellesmøtehelg

21.-23.april vert det fellesmøte i Kviteseid kyrkje med Egil Svartdahl som talar. Møta er kl. 19 fredag, og kl. 17 laurdag og sundag. Fellesmøta vert arrangert av Misjonskyrkja, Normisjon, Pinsemenigheten og kyrkja.

Godhetsveka

Godhetsveka blir i år 8.-13.mai, og den blir avslutta med felles gudsteneste 14.mai. Kveldane denne veka er det mogleg å få hjelp til praktiske ting, som hagearbeid, husarbeid, målingsarbeid og anna. Dersom du ønskjer hjelp denne veka, har Godhetsveka tlf. 452 93 818. Denne telefonen er be-
manna frå 18.april. Frivillige kan melde seg på e-post: godhet@kviteseid.net

Diakonisamling

Diakonisamlinga for Vest-Telemark går på omgang. I år er det Nissedal sin tur. Diakonisamlinga blir i år eit stort bursdagsselskap. Me vil feire at Kirkens Nødhjelp er sytti år, og Fasteaksjonen femti år. I tillegg kjem generalsekretær i KN Anne Marie Helland til samlinga. Så sundag 23. april er kyrkja og Bedehuset i Nissedal staden. Frå klokka 16 er årsmøtet i Diakonaten for valde utsendingar, klokka 17 er det gudsteneste i Nissedal kyrkje før det vert bursdagsselskap på Bedehuset.

Vipps

Det er no mogleg å gi gåver til kyrkja med mobilappen Vipps til Kviteseid Sokn eller følgjande koder:

87960 Sundagens takkoffer. (Gåver går til offerføremålet siste gudsteneste.)

87961 Kyrkjelydsarbeidet.

87955 Misjonsprosjektet i Nepal.

88073 Gåve til kyrkjebladet.

Gåver til kyrkjebladet

Vi kjem ikkje lenger til å trykke namneliste over gåver til kyrkjebladet, men vil opplyse om kor mykje vi får inn til saman. Vi er glade for alle som gir til kyrkjebladet, det gjer det mogleg å sende ut bladet gratis til husstandar i Kviteseid og til andre som ønskjer bladet. Sidan oktober har vi fått inn 11.148,-. Hjarteleg takk!

Returadresse:
Kyrkjekontoret
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Gudstenester

APRIL

Sun. 2. 4. s. i fastetida Joh 11,45-53
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Sundagsskule. Dåp. Ofr. Kristent
Interkulturelt Arbeid (KIA).

Sun. 9. Palmesundag Joh 12,12-24
Inga gudsteneste.

Tors. 13. Skjærtorsdag Matt 26,17-30
Brunkeberg kl.18. Gudsteneste. Rune Lia.
Nattverd. Ofr. Kyrkjelydens
misjonsprosjekt i Nepal. Kveldsmåltid
etter gudstenesta.

Fre. 14. Langfredag Luk 22,39-23,46
Vrådal kl.11. Gudsteneste. Rune Lia. Dåp.
Ofr. Bibelomsetjing i Etiopia
(NLM/Wycliffe)

Sun. 16. 1. påskedag Luk 24,1-9
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Rune Lia. Dåp.
Kyrkjekoret. Nattverd. Ofr. Laget
(NKSS).

Mån. 17. 2. påskedag Luk 24,13-35
Fjågesund kl.11. Gudsteneste med mykje song og
musikk. Rune Lia.
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 23. 2. s. i påsketida Joh 21,1-14
Nissedal kl.17. Gudsteneste. Diakonisamling for
Vest-Telemark.

Sun. 30. 3. s. i påsketida Joh 10,11-18
Brunkeberg kl.11. Samtalegudsteneste. Rune Lia.
Ofr. Kristen Idrettskontakt (KRIK).

MAI

Sun. 7. 4. s. i påsketida Joh 16,16-22
Vrådal kl.11. Familiegudsteneste. Rune Lia.
Kviteseid Barnegospel. Ofr. Kvitsund
Gymnas.

Sun. 14 5. s. i påsketida Joh 15,1-8
Kviteseid Brygge kl.11. Tverrkyrkjeleg gudsteneste
i samband med godhetsveka.

Ons. 17. 17.mai Luk 1,50-53
Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Rune Lia.
Kviteseid Barnegospel/Unge Røyster.
Ofr. Rachel Trovis arbeid.
Fjågesund kl. 12.30. Gudsteneste. Rune Lia.
Ofr. Blå Kors
Brunkeberg kl. 13.45. Gudsteneste. Rune Lia.
Ofr. Sjømannskyrkja.

Sun. 21. 6. s. i påsketida Luk 18,1-8
Inga gudsteneste.

Sun. 28. Sondag før pinse Joh 15,26-27
Brunkeberg kl.10. Konfirmasjon. Rune Lia.
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.
Fjågesund kl.13. Konfirmasjon. Rune Lia.
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

JUNI

Sun. 4. 1.pinsedag Joh 20,19-23
Kviteseid kl.10. Konfirmasjon. Rune Lia.
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.
Vrådal kl.13. Konfirmasjon. Rune Lia.
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet

Mån 5. 2.pinsedag Joh 16,5-11
Inga gudsteneste

Sun. 11. Treeiningssundag Matt 28,16-20
Brunkeberg kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Nattverd. Kyrkjekoret. Ofr. Blå Kors.

Sun. 18. 2. s. i treeiningstida Matt 3,11-12
Kviteseid gamle kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Ofr. Kirkens SOS – Telemark.
Opning av bygdetunet.

Sun. 25. 3. s. i treeiningstida Luk 14,15-24
Inga gudsteneste.